


Ulstein kommune

► Kunnskapsgrunnlag for temaplan naturmangfold

Vedteke i Ulstein kommunestyre, sak 54/26, 18.06.2026

Oppdragsnr.: 52302390 Dokumentnr.: 02 Versjon: J02 Dato: 2025-11-10



Oppdragsgjevar: Ulstein kommune
Oppdragsgjevares kontaktperson: Cecilie Roppen
Rådgjevar Norconsult AS, Retirovegen 4, NO-6019 Ålesund
Oppdragsleiar: Grete Valen Blindheim
Fagansvarleg: Torbjørn Kornstad
Andre nøkkelpersonar: Hauk Liebe

J03	05.05.2026				
J02	2025-11-10				
J01	2023-09-04	Til bruk	HAULIE	TOKOR	GREBLI
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult AS. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Samandrag

Ulstein kommune ligg ytst på kysten i Møre og Romsdal, og klima og natur er sterkt prega av nærleiken til kysten. Dette inneber at Ulstein har ein relativt høg gjennomsnittstemperatur samanlikna med kommunar lenger inn i landet, og derfor kan varmekjære tre og plantar vekse i kommunen. Dette milde, fuktige klimaet er grunnen til at ein kan finne naturtypar som edellauskog og myr i kommunen. Ulstein kommune er også sterkt prega av landbruk gjennom lang tid.

Ulstein kommune ble grundig kartlagt i 2008 etter metodikken i DN-handbok 13, men er i liten grad kartlagt etter ny metodikk i Miljødirektoratets instruks. Viktige kjende naturtypar i Ulstein kommune er i stor grad knytt til strandsona, edellauskogar og kulturmark som kystlynghei, slåttemark og naturbeitemark. Desse naturtypane er truleg relativt godt kartlagt, medan det er mindre kunnskap om fjellområda og myrane i kommunen, der det kan vere fleire viktige naturtypar enn det ein har kjennskap til. Det er også lite kunnskap om dei marine naturtypane i kommunen. Skog er truleg relativt godt ivaretatt gjennom verneområda i kommunen, medan myr og strandsona nok i mindre grad er verna.

Ulstein kommune er ein viktig kommune for sjøfugl, og dei er truleg godt ivaretatt gjennom verneområde. Fugleartar knytt til hei og myr, til dømes storspove, kan hekke i kommunen, men det er ikkje kjend i kva for eit omfang. Piggsvin og nordflaggermus er to pattedyrartar på raudlista som finst i kommunen, og som kan bli ivaretatt også i urbane område.

Andre raudlista arter i kommunen inkluderer nokre artar, planter og lav knytt til kystsona, som i nokre tilfelle er ivaretatt gjennom omsynssoner. Mosar har ein svært lite kjennskap til i kommunen, og det er moglegheiter for fleire raudlista artar i fjella i Ulstein.

Det er fleire elver i kommunen der det går opp eller kan gå opp laks og sjøaure. Elver er naturområde der tiltak for å betre kvaliteten på habitata kan vere effektive, både for å få meir fisk i elva, men også for anna biologisk mangfald. Det er og eit vassdrag med elvemusling i kommunen. Det er fleire gamle observasjonar av ål i vassdraga i kommunen, men kunnskapen om dagens situasjon for ål er svært dårleg.

Dei framande artane i kommunen vil truleg i hovudsak vere eit trugsmål for det biologiske mangfaldet i strandsona og i grunne havområde.

► Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Kunnskapsgrunnlag for temaplan	5
1.2	Verdsetting og rangering av natur - definisjon av ulike omgrep	5
2	Naturen i Ulstein	7
2.1	Naturvernområde	7
2.2	Prioriterte artar	10
2.3	Utvalde naturtypar	10
2.4	Naturtypelokalitetar	11
2.5	Raudlista artar	16
2.6	Sensitive artar	20
2.7	Andre spesielt omsynskrevjande artar	22
2.8	Artar som er spesielle for Ulstein/regionen	22
2.9	Verna vassdrag	22
2.10	Inngrepsfrie naturområde	22
2.11	Vilt og økologiske funksjonsområde	23
2.12	Aktuelle område for tilbakeføring av natur	24
2.13	Framande artar	25
2.14	Geologisk mangfald	26
3	Spesielt viktige område	28
3.1	Naturresevata	28
3.2	Strandsona, strandflateområde og øyer.	28
3.3	Haddalselva	28
3.4	Utvalde naturtypar	28
4	Korleis er viktig natur ivaretatt i dag?	29
4.1	Sikring gjennom naturvernområde	29
4.2	Sikring gjennom omsynssoner i kommunale planar	30
4.3	Naturtypelokalitetar og raudlisteartar i verneområde og omsynssoner	31
5	Kunnskapshol og kartleggingsbehov	33
5.1	Generelt	33
5.2	Behov for oppdatering av kartlagde område og artar	33

1 Innleiing

1.1 Kunnskapsgrunnlag for temaplan

Denne rapporten er eit vedlegg til temaplan for naturmangfald i Ulstein kommune, og har samla kunnskapsgrunnlaget om naturen i kommunen. Rapporten baserer seg på eksisterande kunnskap frå ulike kjelder. Det er ikkje utført nye kartleggingar i samband med utarbeiding av temaplanen.

1.2 Verdsetting og rangering av natur - definisjon av ulike omgrep

I naturforvaltninga er det etablert mange ulike omgrep som nyttast til å verdsette og rangere natur, og for å forenkle forvaltninga av naturen. Ulike kategoriar av natur vil bli gitt ulike verdiar i ei konsekvensutgreiing etter Miljødirektoratet sin rettleiar M-1941.

Verneområde: Har det strengaste vernet, og omfattar den mest trua naturen, som det finst minst av og som treng størst grad av vern. Dei vanlegaste formane for verneområde er naturreservat, nasjonalpark og landskapsvernområde. I ei konsekvensutgreiing får verneområde «svært stor verdi». Naturreservat er den strengaste forma for områdevern, ein tillet generelt sett mindre menneskeleg aktivitet i eit naturreservat enn i eit landskapsvernområde eller eit dyrefredningsområde.

Prioriterte artar har sterkt vern, på line med verneområda. I ei konsekvensutgreiing får prioriterte artar og deira forskriftsfesta funksjonsområde «svært stor verdi».

Statsforvaltaren har ofte mynde til å forvalte både verneområde og prioriterte artar.

Utvalde naturtypar er naturtypar som Kongen i statsråd har bestemt skal vurderast som særleg viktig i offentleg sakshandsaming, og som er omfatta av eigne forskrifter. I ei konsekvensutgreiing får utvalde naturtypar «svært stor verdi».


Naturtypar: Omfattar areal med natur som er vald ut fordi ein reknar dei som trua og /eller meir verdifulle enn anna typar natur. Naturtypane som kartleggast etter gjeldande metodikk (Miljødirektoratet sin instruks) er anten raudlista naturtypar, dårleg kjende naturtypar, og/eller naturtypar med sentral økosystemfunksjon, altså at dei er viktige for mange eller spesielle artar og prosessar i naturen. Raudlista for naturtypar nyttar i stor grad dei same kategoriane som raudlista for artar (figur 1).

Tidlegare kartlagde naturtypelokaliteter på land kan anten vere kartlagt etter DN-handbok 13, eller etter Miljødirektoratet sin instruks. Desse lokalitetane finn ein både innfor og utanfor område som er verna etter naturmangfaldlova. Naturtypar i sjø blir kartlagt etter DN-handbok 19.

I ei konsekvensutgreiing vil naturtypelokalitetar kunne få alt frå «noko verdi» til «svært stor verdi», basert på deira kvalitet og status på raudlista.

Artar på raudlista. Dette omfattar trua, nær trua artar og artar som vi har svært lite kunnskap om. Desse artane står i fare for å forsvinne frå norsk natur.


Arter av nasjonal forvaltingsinteresse. Dette er ei nemning som inneheld trua artar, prioriterte artar, freda artar, spesielle økologiske former og andre spesielt omsynskrevjande artar.



Figur 1: Dei ulike kategoriene på raudlista for artar. Kjelde: Artsdatabanken.no.

I ein konsekvensutgreiing vil raudlista artar og deira funksjonsområde kunne få alt frå «middels verdi» til «svært stor verdi», ut frå kva status dei har på raudlista.

Nedst i forvaltningshierarkiet står **all annan natur**, som dekker store areal og har svakast vern. I ei konsekvensutgreiing vil slik natur ofte bli gitt «noko verdi». Det kan likevel skje at det er eigenskapar ved naturen som gjer at den blir verdsett høgare, til dømes landskapsøkologiske samanhengar som vandringskorridorar for artar.



Figur 2: For lunde og anna sjøfugl er havområda i Ulstein kommune viktige leveområde. Foto: Tycho Anker-Nilssen.

2 Naturen i Ulstein

Ulstein kommune ligg ytst på kysten i Møre og Romsdal, og klima og natur er sterkt prega av nærleiken til kysten. Den største delen av kommunen ligg i sørboreal sone, men det er òg areal i mellomboreal og boreonemoral sone. Dette betyr at Ulstein har ein forholdsvis høg gjennomsnittstemperatur samanlikna med kommunar lenger inn i landet, og derfor kan varmekjære tre og plantar vekse i kommunen.

Ulstein har eit svært oseaanisk klima, som vil seie at klimaet er prega av mykje nedbør, milde vintrar, og generelt høg luftfuktigheit. Dette milde, fuktige klimaet er grunnen til at ein kan finne naturtypar som edellauskog og myrer i kommunen.

Berggrunnen i kommunen er i hovudsak fattig. I tillegg er topografien variert, med både ei langstrakt kystlinje og toppar som strekk seg over 600 meter. Vesentlege delar av kommunen er utan skog, og ein historikk med omfattande utmarksbeite har vore viktig for å forme naturen i kommunen.

Dei grunne havområda i delar av kommunen, med små øyer, gir grunnlag for eit rikt fugleliv og store areal med marine naturtypar knytt til grunne havområde, som til dømes tareskogar og ålegrasområde.

Typisk for Ulstein er strandflatelandskapet, med flate strandbremmar langs kysten, både over og under havoverflata. På land stig dette landskapet bratt opp til trelause fjellområde. I dette strandflatelandskapet finn ein både kulturmark, den største delen av busetjinga i kommunen, og variert natur.

2.1 Naturvernområde


I Ulstein er det fleire naturområde som er verna gjennom naturvernlova av 1970 eller naturmangfoldloven av 2009. Naturvernområda er markert i kartutsnittet i figur 3, og omtalt under.

Ulstein kommune har ein storleik på totalt 257 km². Av dette er 97 km² landareal og 159 km² sjøareal.

Omtrent 5,5 km² av kommunen er vernet gjennom naturreservat, og i tillegg er omtrent 45 km² av kommunens areal underlagt dyrelivsfredning.

Runde dyrelivsfredning (fuglefredningsområde)

Verneformål: Ta vare på eit rikt og interessant fugleliv og fuglane sitt livsmiljø, særleg med omsyn til sjøfuglkoloniane.



Figur 3. Naturvernområde i Ulstein kommune.

Område med dyrelivsfredning (artsvern) som er delt mellom Ulstein og Herøy, og som grenser til dei mindre verneområda for fugl på Runde. Alle fugle- og pattedyrartar er freda mot jakt- og fangst. Det er likevel tillate med jakt og fangst av mink etter viltlova med forskrifter.

Grasøyane fuglefredingsområde

Verneformål: Ta vare på fuglelivet og fuglane sitt livsmiljø.

Består av Grasøya og fleire større og mindre skjer. Hekkeplass for sjøfugl, ender, vadefuglar og småfuglar. Myteplass for ender og gjæser. Steinkobbe har også tilhald på øyane. Forbod mot allmenn ferdsel i området i perioden 15.4-15.8. Det er likevel tillate med jakt på villmink etter viltlova med forskrifter.

Grasøyane inngår i Runde Ramsar-område. Artar som er talrike her er lundefugl (VU), krykkje (EN) og lomvi (CR). Området er òg eit viktig myteområde for ærfugl. Det har vore ein nedgang i mange av bestandane her dei siste åra, og fleire av artane har slitt med å fø opp ungar. Dette er ein trend langs heile Norskekysten, og moglege forklaringar er klimaendringar og matmangel i havet. Runde er trass i siste års endringar stadig eit svært viktig hekkeområde for mange sjøfuglartar. Ramsar-område er våtmarksområde som er særleg viktige for sjøfugl, og har eit internasjonal skydd gjennom Ramsar-konvensjonen.

Flørauden naturreservat

Verneformål: Ta vare på eit område som har særskilt verdi for biologisk mangfald og som inneheld trua, sjeldan og sårbar natur.

Området består av ei gruppe urørte små skjer ut mot opent hav, skjerma gruntvassbasseng med tangvollar og sjøområde omkring. Saman med naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv utgjer området ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl, inkludert ærfugl, ternar, måker og teist. Området har òg økologisk funksjon som heilårleg beiteområde for ærfugl, og nattplass for mellom anna skarv.

På det største skjeret står ei fyrlykt. Innimellom skjera er det meir skjerma gruntvassbasseng med tangvollar.

Flø fuglefredingsområde med tilgrensande dyrelivsfreding (Fløstranda med sjøareal)

Verneformål: Ta vare på fuglelivet i eit viktig våtmarksområde.

Område med dyrelivsfreding (artsvern). Alle fugle- og pattedyrartar i verneområdet er freda mot jakt- og fangst. Det er likevel tillate med jakt på villmink etter viltlova med forskrifter.

Overvintringsområde for vassfugl. 5 artar av regional, 3 av nasjonal interesse. Steinkobbe har tilhald i området. Området er rikt på planteartar og samfunn. Området ligg på nordvestsida av Hareidlandet og omfattar for det meste marine grunnområde, men med tilliggjande langgrunne strender. Området er sterkt utsett for ver og vind. Skjera utafor er stort sett snaue, medan strandområda grensar opp mot dyrka mark. Det verna området har tilgrensande dyrelivsfreding.

Sandøya-Vattøya naturreservat

Verneformål: Ta vare på eit område med særskilt verdi for biologisk mangfold og som inneheld trua, sjeldsynt og sårbar natur. Skjergardsområde med tilnærma urørte småkuperte øyar og sjøområde omkring. Er med naturleg tilhøyrande plante- og dyreliv ein viktig hekkelokalitet for sjøfugl som måker og ternar.

Det er gode hekkebestandar av måsefuglar i reservatet. Hekkeområde for svartbak og ærfugl. Tidlegare hekkebestandar av ternar, om lag 25-55 par på 1990-talet. Grågåsar har også tidlegare hekka på dei nordlege delane av Vattøya. Av framande artar er det gran og sitkagran i reservatet. På Vattøya er det seks fråflytta gardsbruk med dyrkamark og beite som gror att.

Stoksund-Blikkvågane dyrefredningsområde

Verneformål: Ta vare på fuglelivet i eit våtmarksområde.

Overvintring og overnattingsplass for vassfugl. 4 artar av regional, 1 av nasjonal og 1 av internasjonal interesse. Den raudlista arten horndykkar (VU) nyttar dyrefredningsområdet fast om vinteren og våren. I området er det små øyar og holmar, grunner og bukter og småskjer og fluer i eit straumrikt farvatn. Dei tette overnattingskonsentrasjonane av sjøender gjer området særleg interessant i forskingssamanheng. Ein del av området ligg i Ulstein kommune, resten i Herøy. Vernearealet er på totalt 1135 daa landareal og 5048 daa sjøareal. Det er framande treslag på fleire av holmane og på Dimnøya.

Alstranda naturreservat

Verneformål: Ta vare på ei stor urørt lauvskogsli av internasjonal verdi, med det naturlege plante- og dyrelivet og med alle dei naturlege økologiske prosessane. Av spesiell verdi er at området har eit stort arts mangfold med ei rad sjeldne plante- og fugleartar.

Området er ei kystprega lauvskogsli med stor variasjon i skogtypar og med eit stort mangfold av krevjande planteartar. Vegetasjonen vekslar mellom gråorskog, alm-hasselskog og lågurteikeskog. Bjørk, hassel, gråor og rogn er dominerande treslag i sørdelen av lokaliteten, med markante innslag av alm og svartor. Feltsjiktet er svært rikt og frodig med m.a. lundgrønaks, sanikel, skogstarr, myske, ramsløk, jordnøtt og kusymre i til dels svært store mengder. I tillegg sjeldne artar som kristtorn, vestlandsvikke (NT), fuglereir (NT), kvit skogfrue (NT) og falkebregne. Av sopp er det registrert rustkjuke på hassel. Lungeneversamfunnet er velutvikla med artar som kystnever, lungenever og sølvnever. På eiketree er skorpelaven kjøttkraterlav (VU) registrert. Det er òg registrert en svært stor tettheit småfugl og spetter, samt hekkande rovfugl i området.

Reservatet framstår som relativt lite påverka av nyare tekniske inngrep og av moderne skogbruk. Tidlegare har det vore lauving, vedhogst og slått i delar av reservatet. Det er plantefelt med gran i reservatet.

Havågane naturreservat

Verneformål: Formålet med fredinga er å ta vare på restane av den største homogene eikeskogbestanden i Møre og Romsdal med det naturlege plante- og dyrelivet.

Lia består for en stor del av blåbær-eikeskog med mye småvokst eik. Sommareik er det dominerende treslaget, med innslag av bjørk, osp, søtkirsebær, hegg og hassel. Nokre av dei andre artane som finst er kusymre, vivendel, kvitsymre, liljekonvall, krattlodnegras, hengeaks, lundrapp, krattmjølke, jordnøtt og gulflatbelg. Det er enkelte granplanter i reservatet.

2.2 Prioriterte artar

I Noreg er det 14 artar som har status som prioriterte arter, med egne forskrifter.

Av desse er to artar observert i kommunen. Svarthalespove er observert nokre gonger i kommunen, med siste observasjon i 2021. Dverggås er observert i kommunen, med siste observasjon i 1996.

Svarthalespove hekker fast nokre plassar i Nord-Noreg og Rogaland. Enkelte hekkande par har vorte observert i Trøndelag og Møre og Romsdal. Det er ikkje observasjonar av svarthalespove i hekkeperioden i Ulstein kommune, så dei observasjonane som finst er høgst truleg knytt til trekk.

Dverggås overvintrar i Hellas, og rastar og hekkar i Finnmark. Observasjonane i kommunen er derfor knytt til tilfeldig forbipasserande fuglar på trekk.

2.3 Utvalde naturtypar

Det er åtte naturtypar som er utvalde etter forskrift om utvalde naturtypar: Slåttemark, slåttemyr, hole eiker, kalklindeskog, kalksjøar, kystlynghei, open grunnlendt kalkmark, olivinskog og korallrev. Ikkje alle lokalitetar med desse naturtypane oppfyller likevel kriteria til utvalde naturtypar, det er visse andre kvalitetar dei òg må ha. I tillegg til desse åtte har, særleg sukkertaeskog, typisk høgmyr, rik open særleg jordvassmyr, kjeldeedellauvskog og delta blitt foreslått som utvalde naturtypar.

Slåttemark, kystlynghei og korallrev er utvalde naturtypar som finst i Ulstein. Sjå omtale av naturtypane og verdifulle lokalitetar i kapittel 0.



Figur 4: Kystlynghei er ein utvald naturtype med fleire fine lokalitetar i Ulstein. Foto: Rune Halvorsen

2.4 Naturtypelokaliteter

Ein naturtype er i naturmangfoldsloven definert som ein einsarta type natur som omfattar alle levande organismar og dei miljøfaktorane som verkar der, eller spesielle typar naturførekomstar som dammar, åkerholmar eller liknande, samt spesielle typar geologiske førekomstar. Kommunane pliktar å ta omsyn til nasjonale mål om å ivareta det mest verdifulle naturmangfaldet. Her er naturtypar, trua og nær trua naturtypar, spesielt relevant.

Naturtypar er registrert etter to ulike kartleggingsystem:

- DN-handbok 13 og 19
- Miljødirektoratet sin instruks Natur i Norge (NiN)

Naturtypekartlegging framover skal skje etter NiN, i tråd med stortinget sitt vedtak om dette. (Natur for livet, Norsk handlingsplan for naturmangfold. Meld. St. 14 (2015–2016)).

Ulstein kommune er grundig kartlagt etter DN-handbok 13, og det er funne naturtypelokaliteter på ein relativt stor del av areala i kommunen. Det er svært små areal i kommunen som er kartlagt etter Miljødirektoratets instruks, og følgeleg er det registrert få naturtypelokaliteter etter denne instruks.

Dei fleste av naturtypelokalitetane blei funne i samband med ei omfattande kartlegging i 2008. Gode og utfyllande skildringar av lokalitetane finst i rapporten frå kartlegginga (Holtan, 2009). Trass i at ein no brukar annan metodikk for å kartlegge natur, er naturtypelokalitetane som blir omtalt her i aller høgste grad relevante, og bør takast omsyn til i arealforvaltninga. Ved ei ny naturtypekartlegging av kommunen ville truleg mykje av dei same områda blitt vurderte som verdifulle, men med litt andre namn. I rapporten frå 2009 finst også råd til omsyn og skjøtsel, som framleis er svært relevante.

I kommunen er dei fleste naturtypelokalitetane på land knytt til Ulstein si lokalisering på kysten, samt til kulturmark. Kystlynghei er den vanlegaste naturtypen, og det er i tillegg mange lokaliteter av denne naturtypen i strandsona. Det er òg fleire lokaliteter med naturbeitemark og slåttemark, i tillegg til edellauvskog.

I sjøarealet til kommunen er det mange naturtypelokaliteter med tareskog og skjelsand. Desse lokalitetane er kartfesta ved bruk av modellering. I tillegg er det mange lokaliteter med ålegraseng.

2.4.1 Naturtypelokalitetar kartlagt etter DN-handbok 13 – kartlegging av naturtypar

Naturtype	Kommunedel	Svært viktig (A-verdi)	Viktig (B-verdi)	Lokalt viktig (C-verdi)
Kystlynghei (EN)	Dimnøya, Eiksund, Haddal, Ulsteinvik, Flø	2	5	10
Rik edellauvskog	Eiksund, Ulstein	1	3	1
Naturbeitemark (VU)	Ulstein, Ulsteinvik, Dimnøya, Flø		7	3
Sand- og grusstrand	Flø		2	1
Brakkvasspollar	Dimnøya		1	2
Slåttemark (CR)	Eiksund, Ulstein		1	1
Nordvendte kystberg og blokkmark	Flø		1	
Kystfuruskog	Eiksund		1	
Strandeng og strandsump	Flø		1	
Rik kulturlandskapsjø	Dimnøya, Haddal			3
Kystmyr	Flø			1
Fossesprøytsone	Flø			1

Tabell 1. Naturtypelokalitetar kartlagt etter DN-handbok 13. Ein kan finne omtale om alle desse i Miljødirektoratet sin naturbase: <https://geocortex02.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

2.4.2 Naturtypelokalitetar etter Miljødirektoratets instruks

Naturtype	Kommunedel	Svært høg kvalitet	Høg kvalitet	Moderat kvalitet	Låg kvalitet	Svært låg kvalitet
Naturbeitemark (VU)	Flø	1		4	4	

Tabell 2. Naturtypelokalitetar kartlagt etter Miljødirektoratets instruks Natur i Norge NiN..

2.4.3 Omtale av raudlista naturtypar og nokre terrestriske naturtypar

Norsk raudliste for naturtypar viser kva for naturtypar som står i fare for å forsvinne frå norsk natur. Naturtypar som er vurdert til kategoriane kritisk trua (CR), sterkt trua (EN) eller sårbar (VU) blir definert som trua. I tillegg er nokre naturtypar nært trua (NT), og desse er òg på raudlista.

Raudlista for naturtypar er tilpassa naturtypar klassifisert etter systemet Natur i Norge (NiN). Difor er det ikkje alltid lett å sjå samsvar mellom naturtypar kartlagt etter den gamle metodikken i DN-handbok 13 og raudlista. Til dømes kan ei kystmyr omfatte meir spesifikke typar myr, som er på raudlista, sjølv om «kystmyr» ikkje er omtalt der i seg sjølv.

Kystlynghei

Naturtypen er sterkt trua (EN). Kystlynghei er ein naturtype som finst over store delar av den norske kysten, og som er avhengig av eit regime med beite og lyngbrenning for å haldast ved lag. Trass i at kystlynghei er

på raudlista for naturtypar, finst den over store areal i Noreg. Grunnen til at den er på raudlista er først og fremst fordi den tradisjonelle hevd med beite og ikkje minst lyngbrenning nesten har forsvunne. Kystlynghei gror derfor igjen i rask tempo, og mistar sine kvalitetar som ein open, heiprega naturtype (Artsdatabanken, 2018).

I Ulstein er det to lokalitetar som har blitt vurdert til å vere svært viktig/ A-verdi. Dette gjeld Dimnaneset og Røyrafjellet – begge lokalisert på Dimnøya.

Rik edellauvskog

Rike edellauvskogar har ofte mange artar av planter, sopp, mosar og lav, og er dominert av varmekjære lauvtre som eik, ask, lind, alm og hassel. Dei fleste typar edellauvskog er på raudlista for naturtypar, og det reknast for sannsynleg at iallfall nokre dei fem lokalitetane i kommunen tilfredsstillar krava til å vera raudlista. Fire av lokalitetane (Øyggardsberget, Havågla, Havågane NR og Alstranda) ligg sør i kommunen og ein lokalitet ligg nord i kommunen (Ulsteinhetta). Dei er beskrive som anten lågurt-eikeskogar eller lågurt-hasselkratt, og er verdsette frå lokalt viktig (1 lokalitet) til viktig (3) og svært viktig (1)


Naturbeitemark og slåttemark

Kulturmark i form av naturbeitemark og slåttemark er på raudlista for naturtypar med status som sårbar (VU), der dei går under samlenamnet «Semi-naturleg eng». I tillegg er slåttemark skild ut som eiga vurderingseining, og vurdert til å vere kritisk trua (CR). Kulturmarka er i attgroing og liknar skog mange stadar i landet, men trass i dette finst det framleis ein samansetnad av artar på desse areala som eigentleg er knytt til open kulturmark. Kulturmarka kan vere spesielt viktig for insekt, sopp og plantar, og for nokre fugleartar.

I Ulstein er det fleire lokalitetar med naturbeitemark og slåttemark, og eitt areal som tilfredsstillar kriteria for å vere utvald naturtype. Det er slåttemarka «Eiksund: ved Havågane NR», som har B-verdi.

Kystmyr

Det er mange typar myr som blir rekna inn under omgrepet «kystmyr». Nokre av desse typane er raudlista. Det er ein lokalitet i kommunen som er kartlagt som kystmyr; Djupemyrane (Figur 3). Djupemyrane blei i 2006 omtalt som ei «dels terrengdekkande myr». Terrengdekkande myr har status som sårbar (VU) på raudlista for naturtypar. Det er ikkje sikkert at Djupemyrane ville ha oppfylt krava til ei terrengdekkande myr etter NiN, men fram til ei kartlegging er gjennomført, bør ein av føre var-omsyn leggje til grunn at denne lokaliteten er ein raudlista naturtype.



Figur 3: Naturtypelokaliteter kartlagt etter DN-handbok 13 i nordlege del av kommunen. Naturtypelokaliteten Djupemyrane er markert med lilla omriss.

Fossesprøytzone

Fossesprøytsoner har ein spesiell samansetnad av planter, mosar og lav grunna konstant sprut frå ein nærliggjande foss. Nokre naturtypar som blir danna i fossesprøytsoner er på raudlista for naturtypar. Lokaliteten «Flø: Ytreflødalen» er den einaste kjende fossesprøytsona i kommunen, Det er ikkje kjend om nokre av desse naturtypane er til stades her, men det blir rekna som sannsynleg.

Strandeng og sanddyner

Strandeng og sanddyner er to naturtypar knytt til strandsona. Dei har vegetasjon som veks lågt, på grunn av forstyring frå vind og saltvatn. Disse områda har ofte ein spesielt tilpassa flora, og kan vere viktige for fugl, insekt og krepsdyr. I Ulstein er det kartlagt strandeng og stranddyne på Flø, men naturtypen kan finnast andre stader også, til dømes på Dimnøya.

Rik kulturlandskapssjø

Det er tre lokalitetar med denne naturtypen i kommunen, der alle er omtala som lokalt viktige. Rike kulturlandskapssjøar har ofte eit stor mangfold plante- og insektliv, og mange fugleartar hekker gjerne i slike

habitat. Til dømes var den siste kjende hekkinga av myrrikse (1987) i naturtypelokaliteten «Dimna Sundgotvatnet».

2.4.4 Naturtypelokalitetar kartlagt etter DN-handbok 19 – kartlegging av marint biologisk mangfold

Naturtype	Kommune	Svært viktig (A-verdi)	Viktig (B-verdi)	Lokalt viktig (C-verdi)
Større tareskogförekomstar	Stort sett innafor Ulstein. Går dels inn i Herøy, samt ein mindre del inn i Hareid.	3	20	
Skjelsand	Ulstein og Herøy.	7	2	
Ålegrassamfunn	Ulstein			25
Blautbotnområde i strandsona	Ulstein	1	1	

Tabell 3. Naturtypelokalitetar kartlagt etter DN-handbok 19..



Figur 5: Storspove er ein trua art som hekkar i hei og myr. Foto: Skjalg Woldstad



Figur 6: Heistorr er ein raudlista plante som trivst best i kystlyngheia. Foto: Hauk Liebe

2.5 Raudlista artar

For ein komplett liste over raudlista artar som er observert i kommunen, er det mogleg å bruke filtra i Artskart (artskart.artsdatabanken.no), for å søke opp artar i raudlistekategoriane NT, VU, CR, EN og DD i Ulstein kommune. Her er det også mogleg og filtrera på forskjellige grupper artar, eller funn i verneområde.

2.5.1 Plantar, sopp og lav

Plantar

Av plantar på raudlista er det nokre artar det er verd å ta spesielt omsyn til, enten fordi dei er typiske for kystnaturen, eller fordi dei er særskild trua. Av artar i de to høgaste kategoriane på raudlista, men med få registrerte observasjonar i kommunen, er ask (EN), alm (EN), bjønnrot (EN) og solblom (EN) (observasjon frå 1970). Dei fleste planteartane på raudlista i Ulstein er knytt til opne område, som strender og heilandskap. Gulltvitann er observert i kommunen, men dette er ein innført og forvilla underart, ikkje den heimlege underarten som er kritisk trua og berre veks i Oslo.

Austersjørøyr (EN). Observert i 2008 på to lokalitetar i kommunen, på Osnes og Roppe. Ulstein er ein av svært få kommunar der denne arten no veks, og lokalitetane er dei einaste kjende nord for Vestfold i Noreg. Arten er knytt til sanddyner, og er trua av rekreasjon og turisme på vekseplassane. Lokaliteten på Roppe ligg innanfor eit område med dyrelivsfredning, noko som ikkje vernar planten.

Ask og alm (begge EN) er to artar som er svært talrike nasjonalt, men som likevel er i nedgang. Grunnen til at desse er i nedgang er i hovudsak at dei har vorte råka av kvar sin soppsjukdom, som er problem for artane i heile Europa. For alm er også hardt beite av hjort ein årsak til nedgangen i bestanden.

Bjønnrot (EN) er registrert på Dimnøya i Ulstein kommune i Artskart, ein gong i 2021 og ein gong i 2022. Båe registreringane er noko tvilsame, då det ikkje er kjend kven som har funne plantane, og dei er publisert

via appen PI@nt net, som skal kjenne igjen artar basert på bilete, men som ikkje er god til å kjenne igjen ville norske plantar. Det er derfor usikkert om arten finst i kommunen.

Solblom (EN) har blitt funn ein gong i kommunen, i Ringstaddalen i 1970.

Heistorr (NT). Arten er sterkt knytt til det opne heilandskapet langs kysten. Den er i tilbakegang hovudsakeleg på grunn av attgroing og endra bruk av kyslynghei. Heistorr er den raudlista plantearten det er gjort flest observasjonar av i kommunen, og den er stadvis vanleg på ytre delar av vestlandskysten, sjølv om den har kome inn på raudlista.

Vestlandsvikke (NT). Mange gamle observasjonar spreidd rundt i kommunen, eit par funn på Laupsneset i nyare tid. Veks i open skog, skogkantar, beiteområde og heilandskap. Ulstein utgjer den norske nordgrensa for arten, med unntak av to eldre funn på Vigra og Hitra.

Strandkveke (NT). Fleire observasjonar på Flø frå 1980-talet, men ingen observasjonar etter 1990. Arten er knytt til sandstrender og sanddyner.

Mosar

Det er ingen registreringar av raudlista mosar i kommunen, men det er truleg potensiale for å finne både artar som er knytt til fossesprøytsoner, oseaniske artar, og artar knytt til fjellet. I nærliggande område er det mellom anna gjort funn av skoddemose (EN), bresotmose (VU), strandsotmose (VU), skåreblonde (VU), øygarmsmose (VU), praktdraugmose (VU) og ei rekke andre raudlisteartar.

Lav

Det er fleire lavartar med status som sårbar (VU) i kommunen. Fleire av dei raudlista lavartane som er registrert i kommunen er knytt til skog. Tannjordglye (VU) er eit unntak, då denne veks på open kalkrik jord. Gullprikklav (VU) veks som oftast i skog, men i Ulstein veks han på berg ved kysten.

Sopp

Det er observert elleve raudlista soppartar i kommunen dei seinare åra, men det er ikkje gjort fleire enn tre observasjonar av nokre av dei. Dei er i kategoriane VU og NT, og ti av dei elleve artane er knytt til beitemarker og enger. Artane i kategorien VU er rød honningvokssopp, oliventunge, gulfotvokssopp, sauevokssopp og gul slimvokssopp. For sopp kan det derfor sjå ut til at kulturpåverka naturtypar som slåtteeenger og beitemarker utgjer dei viktigaste leveområda i kommunen. Samtidig kan det hende at andre typar habitat, slik som rik edellauvskog, ikkje er like godt undersøkt.

2.5.2 Fuglar og pattedyr

Pattedyr

Dei raudlista pattedyra som er mest aktuelle å ta omsyn til er piggsvin og nordflaggermus. Det er relativt mange observasjonar av piggsvin i kommunen, og nordflaggermus har status som sårbar (VU).

Piggsvin (NT). Piggsvin er i tilbakegang mellom anna på grunn av nedbygging av område som parkar og hagar, intensivering av jordbruket og meir bygging av veg. Piggsvin er samstundes uønskt i sjøfuglkoloniar.

Nordflaggermus (VU). Ynglekoloniane er ofte i bygningar, så isolering av bustadar, færre utette hus og mindre vedfyring er moglege årsaker til nedgangen i talet på nordflaggermus. Arten jaktar i halvope landskap, med ei blanding av tre og opne område.

Fuglar

Ei lang rekke raudlista fugleartar er observert i kommunen. Dei fleste artane som er observert forholdsvis mange gonger er artar knytt til det marine miljøet. Dette gjeld til dømes hettemåke (CR), fiskemåke (VU), gråmåke (VU), lomvi (CR), lunde (EN), makrellterne (EN), ærfugl (VU) og tyvjo (VU). For sjøfugl er grunne havområde, øyer, holmar, fjøresona og strandsona dei viktigaste områda. Til dømes er mange av øyene og halvøyene mellom Hareidlandet og Leineøya registrert som område for reproduksjon for desse artane.

Artar knytt til kulturlandskapet og våtmark, som vipe (CR), åkerrikse (CR), storspove (EN), myrrikse (EN) og songlerke (NT) førekjem også. Vipe hekka i kommunen tidlegare, men det er ikkje kjend at den hekkar i kommunen no. Det blir år om anna observert territoriehevdande åkerrikse på strandflateområda på Flø, men det er ikkje kjent hekkingar og ungekull (Folkestad, 2023). Storspove hekkar truleg i kommunen. Den er knytt til opne myrer og kulturmark, og til dømes Flø, Ringstaddalen, Ytre-Dimna og Hareidseidet rundt dei øvre delane av Sauneselva kan vera gunstige område for arten. Songlerke hekkar gjerne i beitemark eller kystlynghei. Den har blitt observert nokre gonger i kommunen, og er ein mogleg hekkefugl. Det er ikkje nokon offentleg kjente observasjonar av myrrikse i kommunen sidan 1980-talet, men arten hekka i Hareid kommune både i 2014 og 2023, og er ein art som kan komme attende til kommunen. Svartstrupe (EN) er kategorisert som sterkt truga på raudlista. Arten er dei siste åra funnen hekkande i lynghei på fleire lokalitetar i Ulstein: Ertesvåg, Vikeseterbakken, Uldalen, Midtflødalen, Indreflødalen, Roppemarka.

Det er også mange observasjonar av talrike men raudlista sporvefuglar som grønfinke (VU) og gråsporv (NT). Sjå omtale av hønehauk i kapittel 2.6.

2.5.3 Marine artar

Det er få observasjonar av marine artar i kommunen, med unntak av fuglar, og fisk som også bruker ferskvatn. Det einaste er ein observasjon av pigghå (VU) frå 2003. Det marine artsmangfaldet i kommunen er truleg dårleg kartlagt. Nasjonalt program for kartlegging av marint mangfald langs kysten blei avslutta i 2019 og førte til mange registreringar i HB19 i kommunen. Det er registrert førekomst av større tareskogområder, skjelsand og blautbotnområder. Dette gjeld spesielt nord i kommunen i havområdet utanfor Flø og mot Grasøyane. Det er også registrert ålegrasenger på Haddal, rundt Dimnøya, Hatløya, Osnes og Flø. Ulstein kommune har også mange registrerte pollar, spesielt rundt Dimnøya. Vidare har Ulstein kommune korallrev registrert langs kommunegrensa ved Breisundet.

Regionalt viktige gytefelt for torsk er registrert i havområdet i kommunen heilt frå Osnessanden og til Eiksund. I tillegg har kommunen to gytefelt for Uer og eit for sild heilt nord i kommunen.

2.5.4 *Arter i ferskvatn*


Ål har status som sterkt trua (EN). Den er knytt til bekkar, og elver og innsjøar i kystnære strøk, og er observert fleire gongar i Ulstein kommune. Det er få observasjonar av nyare dato, med unnatak av i Storelva på Flø i 2018. Det er truleg ål i mange av vassdraga i Ulstein, særleg i vassdrag der ålen kan kome seg til ein innsjø.

Elvemusling har status som sårbar (VU). Arten lever i bekkar og elver med bestandar av aure eller laks. I Ulstein kommune er den funne i Haddalselva, seinast i 2020, og arten bør derfor takast omsyn til ved arealplanlegging og inngrep som råkar dette vassdraget. Undersøkinga av elvemusling frå 2020 viste at bestanden i Haddalselva er livskraftig og sterk (Sandaas & Enerud, 2020). Rekrutteringa er god, dødelegheita er normal, og bestanden består av mange individ. Vurdert etter en anerkjent metodikk for å klassifisera vassdrag med elvemusling, blir vassdraget vurdert til «svært verneverdig», som er den høgaste kategorien.

Laks (NT) og **sjøaure** (LC) finst i nokre av vassdraga i kommunen. Haddalselva og Ulsteinelva er dei to viktigaste elvane for anadrom laksefisk i kommunen, og dei to med betydeleg oppgang av artane.

Ulsteinelva er opna for fiske på laks og sjøaure, men bestandstilstanden for sjøaure er dårleg. Bestandstilstanden for laks er ukjend. Haddalselva har den lengste anadrome strekninga i kommunen. Den er ikkje opna for fiske på grunn av lågt overskot til hausting. Bestandstilstanden for sjøaure er her moderat.

I tillegg går det opp sjøaure og laks i Sauneselva i sentrum av Ulsteinvik, men denne elva er sterkt påverka av utbyggingar, og bestandstilstanden for sjøaure er dårleg. I tillegg er det nokre tilløpsbekker til Hareidvassdraget som startar på Ulstein-sida av kommunegrensa mot Hareid.



Figur 7: Nordflaggermus er ein av dei mest vanlege flaggermusene, men er likevel trua. Foto: Rune Sørås

2.6 Sensitive artar

Sensitive artar er artar som er spesielt sårbare for forstyrring, og som blir beskytta ved at deira leveområde, til dømes reirplassar, ikkje er offentleg tilgjengeleg. Nokre av desse artane kan til dømes vere utsett for ulovleg jakt og eggjuveri, og dét er grunnen til at lokalitetane deira er skjerna. Derfor er det ikkje henta inn detaljerte opplysningar om sensitive artar i dette kunnskapsgrunnlaget, men det må gjerast spesifikt for arealplanlegging der det er naudsynt.

Dei sensitive artane som i samsvar med Naturbase kan vere til stades i kommunen er hubro, havørn, hønehauk, vandrefalk og kongeørn. Av desse er hubro spesielt viktig å ta omsyn til.

Hubro har status som sterkt trua (EN). Arten er sterkt knytt til det opne heilandskapet på kysten, og brukar gjerne dei same reirplassane som tidlegare generasjonar med hubro. Det er dermed svært negativt for arten om reirplassane forsvinn. I tillegg er arten var, og treng derfor store areal. Omsyn til hubro bør vurderast ved arealplanlegging i heile kommunen.

Havørn har status som livskraftig (LC), og har hatt ein stor vekst i bestanden dei siste tiåra. Havørna kan plassere reiret på fleire forskjellige stader, som i bergveggar, i tre eller på bakken. Omsyn til havørn bør vurderast ved arealplanlegging spesielt i sørlege og vestlege deler av kommunen.

Hønehauk har status som sårbar (VU). Arten er sterkt knytt til skogsområde, spesielt gammal skog av gran og furu. Den har reirplassar i store tre, og same reir kan brukast gjennom mange tiår. I skogbruket skal det takast spesielle omsyn til hønehauken. Det er spesielt relevant å vurdere omsyn til hønehauk i arealplanlegging som rører ved skogsområde i sørlege delar av kommunen.

Vandrefalk har status som livskraftig (LC). Arten hekkar i bergveggar, og jaktar gjerne fugl i kystområde. Den er sårbar for forstyrning på hekkeplassen, og eggthuveri er framleis eit problem. Ulstein kommune er truleg eit mindre viktig område for arten, men omsyn til vandrefalk bør vurderast ved arealplanlegging i område vest i kommunen.

Kongeørn har status som livskraftig (LC). Arten hekkar fortrinnsvis i bergveggar i fjellskogen, men kan også hekke i låglandet. Arten er sårbar for tap av og forstyrning på reirplassen, då same reir kan brukast gjennom mange tiår. Omsyn til kongeørn bør vurderast ved arealplanlegging i heile kommunen.



Figur 8: Elvemusling har ein god bestand i Haddalselva, men går tilbake nasjonalt. Foto: Heidi Sørensen.

2.7 Andre spesielt omsynskrevjande artar

Dette ei liste med artar utarbeidd av Miljødirektoratet som ikkje naudsynt er på raudlista, men som likevel skal takst spesielt omsyn til i arealplanlegging. Her er mellom anna kongeørn og vandrefalk inkludert, sjå omtale av desse i kapittel 2.6.

Kvitryggspett, gråspett og dvergspett er hakkespettar som er knytt til eldre lauvskogar. Dei er observert fleire gonger i kommunen, og er relevante å ta omsyn til ved arealplanlegging som rører ved eldre lauvskog, spesielt sør i kommunen.

Praktærfugl er observert, men arten er i all hovudsak knytt til arktiske område. Musvåk er observert, men hekkar i liten grad på Vestlandet.

2.8 Artar som er spesielle for Ulstein/regionen

Austersjørøyr (EN) er truleg den arten som er mest spesiell for Ulstein kommune. Lokalitetane her veks langt nord for dei andre norske lokalitetane, og den er sterkt trua. Arten veks i naturtypar som er utsett for slitasje og ofte trua av utbygging. Difor bør arten og lokalitetane til arten bli lagt spesielt vekt på i arealplanlegginga.

2.9 Verna vassdrag

Det er ingen verna vassdrag i Ulstein kommune.

2.10 Inngrepsfrie naturområde

Med inngrepsfrie naturområde (INON-område) meiner ein område på land, som ligg minst ein kilometer frå tyngre tekniske inngrep. INON-områda blir delt inn i tre kategoriar;

- område som ligg 1-3 kilometer unna tyngre tekniske inngrep
- område som ligg 3-5 kilometer unna tyngre tekniske inngrep
- område som ligg over 5 kilometer unna tyngre tekniske inngrep.

INON-områda er avgrensa ved modellering. Ein reknar med at område som ligg langt vekk frå tyngre tekniske inngrep blir utsett for mindre forstyrring enn andre område, og at desse områda derfor er viktigare for artar som er sårbare for forstyrring.

Det finst nokre inngrepsfrie naturområde i Ulstein kommune. På sjølve Hareidlandet er det areal som ligg mellom ein og tre kilometer unna tyngre tekniske inngrep, og på Grasøyane nord for Hareidlandet er det areal som ligg både over tre og fem kilometer frå tyngre tekniske inngrep. Inngrepsfrie naturområde kan bli reduserte også av inngrep som ligg utafor areala som er avmerkt i kart, då desse områda er definert av deira avstand til tekniske inngrep.

2.11 Vilt og økologiske funksjonsområde

2.11.1 Korallrev

Nordaust i sjøarealet i kommunen, i Breisundet, er det observert område med førekomst av korallar, noko som tyder at der kan vere korallrev. Korallrev er som regel svært rike på artar og viktig for dei marine økosystema.

2.11.2 Gytefelt

Det er vesentlege sjøareal i kommunen som fungerer som gyteområde både for torsk og andre artar. Torsk gyter sørvest i kommunen, i dei grunne sjøområda frå Ulsteinvik sør til Eika. Nordvest i kommunens sjøareal, nord for Grasøyane, er det gytefelt for fleire fiskeartar.

2.11.3 Funksjonsområde

Med grunnlag i tidlegare kartleggingar og lokalkunnskap er det kjend funksjonsområde for ein rekke artar i kommunen. Denne kunnskap kan lastas ned hjå Miljødirektoratet. Omtale av nokre av disse følgjer under.

Hjort har mange beite- og trekkområde i kommunen, då det har vore høg tettleik av arten på Hareidlandet. I forvaltningsplanen til kommune (2013-2016), står det at bestanden kan bli redusert, mellom anna for å unngå beiteskadar i naturreservata som har som formål å ta vare på edellauskog. Treslaga alm (EN) og ask (EN) er trua mellom anna på grunn av beite frå hjort. Nokre av registreringane av trekkområde for hjort er gamle, men trekkområda er truleg i bruk framleis.

For å kome seg frå nord til sør på Hareidlandet må hjorten krysse Hareidseidet. Dei kryssar truleg i størst grad der det er lite bygningar, som er i området rundt kommunegrensa, i øvre del av Saunesmarka og over mot Rise i Hareid. I tillegg er det truleg viktig for hjorten å ha moglegheit til å trekke mellom dalane på øya, for å veksle mellom beiteområde. Dette gjeld til dømes mellom Flødalene og Ytredalen/Indredalen i Brandal, mellom Ulsteindalen og Hareidseidet, og mellom Haddal og områda rundt Snipsøyrvatnet.

Piggsvin (sjå også kap. 2.5.2) er raudlista og i nedgang, mellom anna på grunn av tap av grønne korridorar. For piggsvinet er det viktig å oppretthalde samanhengar mellom grøntområde i urbane og lågtliggande område. Dette inkluderer til dømes parkområde, hagar, leikeplassar, skogholt og kantsoner til elver. Kratt, tre og høg vegetasjon som ser «rotete» ut er viktige område for piggsvinet. Små grønne område og korridorar bør derfor ikkje brytast av nye veger og bygningar.

Ender, måkefuglar og vadadar. For sjøfugl er dei grunne havområda, fjøreområde og strandsona svært viktig som hekkeområde, og som område der dei leitar etter mat. Av særleg betydning er truleg øyene, nesa og holmane som strekk seg frå nord til sør vest i kommunen.

Storspove, enkeltbekkasin og andre artar knytt til fuktige, opne område. Mange fugleartar, inkludert storspove og enkeltbekkasin hekkar gjerne i fuktige opne område, ofte i kulturlandskapet. Det er i naturbase eit funksjonsområde for disse artane, i Ringstaddalen. Det er ikkje kjend om dette framleis er i bruk, men det er eit gunstig område for artane. I Saunesmarka er det observert hekking av mellom anna sivsporv, enkeltbekkasin og heippiplerke (Gautestad, Arild pers. med, 2023).

2.12 Aktuelle område for tilbakeføring av natur

Nokre naturtypar er det mogleg å restaurere og tilbakeføre, slik at dei liknar på ein tilstand før utbygging og får større verdi for det biologiske mangfaldet. Ulstein kommune bør vurdere restaurering som tiltak for å vare på og styrke naturmangfaldet.

Potensielt aktuelle område for restaurering er:

Myrer. Myr er ein viktig arena for naturmangfald. I tillegg er torv og myr viktige karbonlager og våtmarker har ei stor evne til å dempe eller regulere flaumepisodar og tørke. Mange myrer i Noreg har blitt drenert for å legge til rette for jordbruk eller skogbruk. Ved å tette igjen grøftene nytta til drenering, er det mogleg å heve vasstanden og legge til rette for artar som er tilpassa til å leve i myr. I forkant av dette er det vanleg å hogge tre som har vakse opp etter tørrlegginga. Det vil vere nødvendig med ei grundigare kartlegging for å finne dei beste myrområda for restaurering.

Elver og bekkar. Desse naturtypene har ofte blitt forringa gjennom å ha blitt lagt i rør, blitt retta ut, eller fått harde kantar for å hindre flaum. Å fjerne rør eller plastringar kan endre vassdraget, gi vatnet moglegheit til å breie seg utover, og skape leveområde for fleire artar. Å tilbakeføre eller styrke kantvegetasjonen er også eit positivt tiltak for livet i elva.

- Sauneselva gjennom Ulsteinvik har harde kantar, og ikkje kantvegetasjon. Å fjerne steinplastringar og plante busker og tre langs elva, ville ha vore positivt for livet i elva, inkludert laks og sjøaure.
- Delar av Raudelva forbi Ulstein barneskule og vidare nedstraums er forbygd, manglar kantsoner og er lagt i rør. Denne delen av elva kunne med fordel ha vorte tilbakeført til eit meir naturleg vassdrag.


Kystlynghei. Mange område med kystlynghei har grodd igjen som følgje av opphøyr av sviing. For å tilbakeføre disse kan dei brennast år om anna, i samråd med brannvesenet. Aktuelle område er kystlynghei i kartlegginga i 2008. Til dømes naturtypelokalitetane Ulsteinvik: Gamleeidet, Flø: Midtflødalen-Litlevatnet, Haddal: Ringstaddalen nedre og Dimna: Røyrafjellet.

Fleire område som tidlegare har vore beitemark er no planta til med sitkagran. Å fjerne sitkagran og andre framande bartre (inkludert vanleg gran) er positivt uansett kva for ein naturtype som har vore på staden tidlegare.

2.13 Framande artar

Framande artar er artar som ikkje er naturleg heimehøyrande i Noreg. Dei er lista opp i Fremmedartslista, og gjeldande versjon blei utgitt i 2018. Ny og oppdatert liste skal etter planen bli gitt ut hausten 2023.

I tillegg til å synleggjera kva for nokre artar som er framande i Noreg, synleggjer også Fremmedartslista kva for økologisk risiko dei forskjellige artane utgjer for naturmangfaldet i Noreg. Den økologiske risikoen er sett saman av artane sitt potensiale for å spreie seg, og deira effekt på økosystemet rundt seg. Dei framande artane som blir vurdert, blir satt i ein av fem kategoriar, sjå Figur 9.



Figur 9: Kategoriane som blir brukt i Fremmedartslista. Figur: Artsdatabanken.

2.13.1 Karplanter

Dei fleste framande artane som er observerte i Ulstein kommune er karplanter. Nokre av dei vanlegaste er tre som spreier seg med frø frå innplanta tre, medan andre er busker og planter som spreier seg enten med frø eller med jord når den blir flyttet på. Nokre av dei mest observerte blir omtalt her.

Platanlønn (SE) spreier seg med frø. I Ulstein kommune er arten i hovudsak observert langsmed fylkesveg 61, men finst truleg i stort monn der det er skog og kratt. Arten koloniserer raskt opne habitat, og kan fortrenge heimlege tre og busker.

Sitkagran (SE) spreier seg med frø. Sitkagran har blitt planta inn til bruk i skogbruket, då den veks godt på kysten. Den kan raskt kolonisere opne område, til dømes kystlynghei. I Ulstein kommune er arten observert spreidd, men med den største konsentrasjonen på Flø.

Hagelupin (SE) spreier seg i hovudsak ved at jordmassar med frø eller rottdelar blir flytta på. Arten kan fortrenge lokale artar frå opne, og særleg tørre naturtypar. I Ulstein er det observert mykje hagelupin i Ulsteinvik, langs fylkesveg 61 over Hareidlandet, og ved Eiksund.

Parkslirekne (SE) spreier seg i hovudsak ved at jordmassar med rottdelar blir flytta på. Arten kan fortrenge lokale artar frå fleire naturtypar, då den veks raskt, blir svært tett og er vanskeleg å fjerne. I Ulstein er det først og fremst observert mykje parkslirekne i Ulsteinvik og i Haddal. Det er også observert parkslirekne på fleire strender, der den kan utgjere eit trugsmål mot lokale artar. Parkslirekne nyttast her som samleomgrep på dei tre nærståande artane park-, hybrid- og kjempeslirekne, som alle er invasive og bør handsamast på same vis.

Rukkerose (SE,) er ein busk som spreier seg først og fremst med frø, og gjerne med havstraumar. Arten etablerer seg raskt på strender, der den kan fortrenge lokale artar. Arten er vanskeleg å bli kvitt, og må ofte bli sprøyta. I Ulstein er den i hovudsak observert på Flø og i Ulsteinvik.



Figur 10: Rukkerose er ein framand art som kan konkurrere ut lokale planter i strandsona. Foto: Oddvar Pedersen

2.13.2 Terrestriske dyr

Mink (SE) kan være eit trugsmål mot fuglar som hekkar på bakken, til dømes ender, måker og vadarar, då minken trivs godt ved kysten. Det er få registreringar i Artskart av mink i Ulstein og i Hareid, men den er likevel godt representert i kommunen.

2.13.3 Marine organismar

Pollpryd (SE), **krokberar** (SE) og **japansk sjølyng** (SE) er marine algar som veks på forholdsvis grunt vatn. Alle dei tre artane kan fortrenge lokale algeartar. Japansk sjølyng og krokberar kan mellom anna hindre reetablering av sukkertare, som er ein nøkkelart. Pollpryd danner tette bestandar, og hindrar andre algar i å vekse, og lokale artar som veks på lokale algearter får færre gunstige leveområde. Artane er funne nokre få stadar i kommunen, spesielt rundt Dimnøya, men kan vere oversett.

Stillehavsøsters (SE) dreg fordel av varmare havvatn, og er i spreiring langsmed norskekysten. Arten kan danne svært tette bestandar både på hardbotn og blautbotn, slik at lokale artar ikkje får moglegheit til å vekse og etablere seg. Dette reduserer i sin tur mattilgangen for artar høgare opp i næringskjeda. Stillehavsøsters er berre funne ein gong i Ulstein, men kan vere oversett.

Schizoporella japonica (HI) har ikkje noko norsk namn. Det er eit mosdyr som veks som ein skorpe på harde underlag. Arten kan utkonkurrere lokale artar mosdyr, og den kan også hindre vekst av blåskjel, som er ein nøkkelart. Arten er berre funne ein gong i Ulstein, men kan vere oversett.

2.14 Geologisk mangfald

I Ulstein kommune er det tre førekomststar med geologisk arv.

Den eine gjeld bergarten eklogitt, som er danna under svært høgt trykk og som ikkje er spesielt vanleg. Ulstein har nokre av dei største førekomstane av eklogitt i landet og i verda. Nesten heile Ulsteinvik ligg på eklogitt. Eklogittfeltet strekkjer seg samanhengande til heile nordsida av Dimnøya og småøyane vestanfor. Her ligg eklogitten i dagen, mellom anna i Skjoranakken, på Kleiva og i Jøtulen på Dimnøya. Også på Hatløya og Borgarøya er bergarten lett synleg.

I Dimnamyra er det gjort boringar og prøvetaking av torvlaga som påviste askelag som stammar frå vulkanutbrot. To av askelaga skuldast utbrot frå vulkanen Katla på Island, medan det siste har eit meir gåtefullt opphav. Utbrota skjedde for mellom 12-15100 år sidan.

På Flø er det registrert ei kjent skredblokk, som vert kalla Hoksteinen. Blokka ligg i fronten av ei stor skredur, med mindre blokker rundt seg. Hoksteinen ragar 9 m opp av bakkenivå og er 15 X 14 m i største lengde/breidde.

Ingen av desse registreringane er gitt noko vern. I tillegg til desse er det også potensiale for å finne svaberg og mindre jettegryter, t.d. i Fløstranda, som ikkje er registrert inn.

3 Spesielt viktige område

Når ein ser på tilgjengeleg informasjon er det nokre område i kommunen som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet, og som bør være ein prioritet for arealforvaltninga. Desse områda er omtalt i dette kapittelet.

3.1 Naturresevata

Område som allereie er verna som naturresevat må ein rekna med at får stå urørd i framtida, og dei er ikkje nærare omtalt her, trass i at dei har eit rikt artsmangfold. Dette gjeld til dømes edellauvskogane i resevata Alstranda og Havågane. Det kan også finnast område innanfor naturresevata som er meir verdifulle for biologisk mangfold enn tidlegare antatt, dette bør bli undersøkt gjennom kartlegging.

3.2 Strandsona, strandflateområde og øyer.

Mange trua artar og kartlagte viktige naturtypelokalitetar kan ein finne i nær tilknytning til kystlina. Strandsona og strandflateområda er også attraktive område å bygge på og på anna vis bruke for menneske, og dei er derfor truleg pressområde også i Ulstein. Ein viktig kvalitet med strandsona og strandflateområda i Ulstein er kombinasjonen av fleire naturtypar som grunne havområde, strender og kulturmark som til dømes naturbeitemark. På strendene finn ein også lokalitetane med austersjørøyr. Øyene mellom Hareidlandet og Leinøya er truleg ikkje pressområde som områda på sjølve Hareidlandet, men dei er viktige område for trua sjøfugl som ærfugl og makrellterne.

3.3 Haddalselva

Blant vassdraga i kommunen er det Haddalselva som peikar seg ut som mest verdifull. Elva har ei relativt lang strekning med laks og sjøaure, og har ein god bestand av elvemusling. Haddalselva har i stor grad eit elveløp som renn naturleg, der det ikkje har vore vesentlege tekniske inngrep som kanalisering, men kantvegetasjonen er tynn og kan bli forbetra spesielt på nordsida av elva i jordbruksområde. Elva renn også gjennom eit område med ein mosaikk av myr, kulturmark, heilandskap og noko skog.

3.4 Utvalde naturtypar


Det er fleire lokalitetar med utvalde naturtypar i kommunen, sjå kapittel 2.4. Mange av disse er kystlynghei, og er dei mest verdifulle områda med kystlynghei i kommunen. Desse er meir verdifulle enn andre lokalitetar der det er funne kystlynghei, men som har lågare kvalitet.

Slåttemarka «Eiksund: ved Havågane NR» er også ein utvald naturtype, og må difor reknast som ekstra verdifull.

4 Korleis er viktig natur ivaretatt i dag?

4.1 Sikring gjennom naturvernområde

I Ulstein kommune er det fleire naturområde som er verna gjennom naturvernlova av 1970 eller naturmangfoldloven av 2009. Desse har eit sterkt vern. Områda er vist på kartet under, og er omtalt i kapittel 2.1.



Figur 11. Naturvernområde i Ulstein kommune.


4.2 Sikring gjennom omsynssoner i kommunale planar

Natur kan sikrast gjennom fastsetting av omsynssoner i kommuneplanens arealdel og i reguleringsplanar. I kommuneplanens arealdel inngår også delplanar, som til dømes kystsoneplanar.

Kommuneplanens arealdel i Ulstein er vedtatt i 2019, og omfattar heile kommunen inkludert sjøareala. Her er det avsett 16 omsynssoner for bevaring naturmiljø (H560). I føresegnene til arealdelen blir det slått fast at omsynet til natur skal tillegast stor vekt i desse sonene. Eventuelle tiltak i område med registrerte naturtypelokalitetar skal ikkje true naturverdiane her. Områda har likevel vesentleg svakare vern enn naturvernområda.

Omsynssoner for kommuneplanens arealdel er lista opp i tabellen under.

I regionen pågår eit interkommunalt plansamarbeid om ein kystsoneplan for Søre Sunnmøre, der eit planforslag var på høyring våren 2022. Kystsoneplanen er førebels ikkje vedtatt.



Figur 12. Omsynssoner for naturmiljø

Soneid.	Lokalisering	Grunn for omsynssone	Naturverdi
H560_1	Hatløya	Naturtypelokalitet, verdi B	Kystlynghei (utvalt naturtype)
H560_2	Spjutøya	Naturtypelokalitet, verdi B	Naturbeitemark
H560_3	Dimnaneset	Naturtypelokalitet, verdi A	Kystlynghei (utvalt naturtype)
H560_4	Stokksund	Naturtypelokalitet, verdi B	Kystlynghei (utvalt naturtype)
H560_5	Furøya	Naturtypelokalitet, verdi B	Kystlynghei (utvalt naturtype)
H560_6	Aursneset	Naturtypelokalitet, verdi B	Kystlynghei (utvalt naturtype)
H560_7	Havågla	Naturtypelokalitet, verdi B	Rik edellauvskog
H560_8	Eika	Naturtypelokalitet, verdi B	Kystfuruskog
H560_9	Ytre Dimna	Naturtypelokalitet, verdi B	Naturbeitemark og anna kulturlandskap
H560_10	Gåsneset - Klubbeneset	Naturtypelokalitet, verdi B	Naturbeitemark og strandsone
H560_11	Garsholhølen med tilgr. areal	Naturtypelokalitet Sundgot, verdi B og C	Marine gruntvassområde og naturbeitemark
H560_12	Eiksund, Breivikneset	Naturtypelokalitet, verdi B	Slåttemark (utvalt naturtype)
H560_13	Elvane, Ytre Flø – Flø hamn	Naturtypelokalitet, verdi B	Sand- og grusstrand, strandeng og strandsump
H560_14	Trolleneset/Sandvika, Hasund	Økologisk funksjonsområde	Strandsone
H560_15	Kjerringnesvatnet	Naturtypelokalitet, verdi C	Rik innsjø i kulturlandskapet
H560_16	Hareidseidet	Økologisk funksjonsområde	Vilttrekk (hjort)

Tabell 4. Omsynssoner for naturmiljø i kommuneplanen sin arealdel 2019-2031.

Vidare er naturmangfald ivaretatt i ein del av reguleringsplanane i kommunen:

Johanmarka, planid 20040003

- To freda eiketre

Eiksund vest, planid 19880003

- Markering på plankart - frodig og sjeldan vegetasjon som bør bevarast innanfor bustadområde B18.
- Føresegnene §24: Må ta omsyn til verneverdige tre ved utforming av planar for friområde F1.

Øyra-Skylesteinen-Holmane, planid 20050002

- Littleholmen og Storholmen er regulert til naturvernområde.

Ulstein kyrkje, planid 20150002

- Eksisterande tre skal bevarast. Tre i område er vist med punktsymbol. Det må utvisast særskild varsamheit for å bevare desse trea.

Varden, planid 20080005

- Regulert til naturvernområde på land og i vatn, gjeld områda NV-L1 og NV-S1.

Naturmangfald og naturkvalitetar er vidare omtalt, men ikkje formelt sikra i plan:

Kvalneset masseuttak, planid 20110004

Hjortetrekk/vilttrekk gjennom området, registrering av grågåsbeite og oterhi.

Kvalneset, planid 19990003 (utgått/erstatta plan)

Varmekjær og kravfull vegetasjon og planteliv i planområdet. Grågåsbeite, oterhi, hjortetrekk.

4.3 Naturtypelokalitetar og raudlisteartar i verneområde og omsynssoner

Raudlista fugleartar. Dette gjeld i hovudsak sjøfugl, som finst i store deler av kommunen. Dei er i stor grad tatt i vare gjennom verneområda nord i kommunen.

Raudlista artar, plantar sopp og lav. Artar knytt til edellauvskog er svært godt tatt i vare gjennom verneområda Alstranda og Håvågane søraust i kommunen. Artar knytt til strandsonen og kysten, som austersjørøryr og heistarr er i nokre tilfelle inkludert i omsynssoner, men ikkje i naturreservat, og kan bli negativt påverka av tilfeldige hendingar.

Raudlista pattedyr. Piggsvin og nordflaggermus er knytt til kulturmark og meir urbane område, og er ikkje ivareteke gjennom verneområde og omsynssoner.

Verdifulle naturtypar kartlagt etter DN13 og Miljødirektoratets instruks

Edellauvskog er svært godt tatt i vare gjennom verneområda Alstranda og Håvågane søraust i kommunen.

Kystlynghei. Den største delen av den mest verdifulle kystlyngheia; dei som tilfredsstillar kriteria for utvald naturtype, er tatt i vare gjennom omsynssoner i kommuneplanens arealdel. Det er nokre areal ved Stokksund som er inkludert i dyrefredingsområdet.

Naturbeitemark og slåttemark: Slåttemarka ved Eiksund er beskytta gjennom ei omsynssone. Mange av dei kjende lokalitetane med naturbeitemark er ivareteke gjennom omsynssoner. Både på Spjutøya, Gåsneset, Ytre Dimna og Gårsholhølen er naturbeitemark i omsynssoner. Over halvparten av lokalitetane i kommunen

med naturbeitemark er i omsynssoner. Men nokre, til dømes slåttemarka på Skokken er ikkje beskytta av omsynssone.

Myr. Lokaliteten med kystmyr på Flø er ikkje inkludert i korkje naturreservat eller omsynssoner.

Kystfuruslogen på Eika er i stor grad inkludert i omsynssone for naturmiljø i kommuneplanens arealdel, så den er i nokon grad tatt i vare.



Figur 13: Restaurering av myr ved å tette gamle grøfter kan skape betre leveområde for ei lang rekke artar, og samtidig lagre meir karbon og dempe flaumar. Foto: Statsforvaltaren.

5 Kunnskapshol og kartleggingsbehov

5.1 Generelt

Kartlegging bør gjennomførast etter metodikken Natur i Noreg (NiN), mellom anna for å få kunnskap om kor ein har raudlista naturtypar i kommunen. Ein bør også gjere kartlegging for å auke kunnskapen om nokre trua dyreartar.

Med tanke på arealplanlegging er det ofte meir nyttig å kartlegge pressområde, altså dei områda der det er størst sjanse for at nokon vil byggja, til dømes nær eksisterande infrastruktur og i slakt terreng. Også område som er regulert til næringsverksemd, bustad eller fritidsbustad, men som ikkje er bygd ut bør bli kartlagd.

Ved rullering av kommuneplanens arealdel er det også hensiktsmessig å kartlegge område som er vurdert regulert til nye formål som kan ha negativ påverknad på naturen, slik at disse kan fortsette å være til dømes LNF-område.

5.2 Behov for oppdatering av kartlagde område og artar

Det er allereie identifisert og kartlagt store områder i Ulstein kommune i 2008, etter metodikken i DN-handbok 13. Kunnskapen om naturen i Ulstein er derfor god, men på nokre område er det ønskeleg med oppdatert kunnskap. Mellom anna er det ikkje kjend om kartlegginga i 2008 vurderte alle område i kommunen. Nokre areal med naturtypar kan dermed ha blitt oversett.

Det er nokre område og artar som i særleg grad peiker seg ut som aktuelle for kartlegging.

Strandflatane på Ulstein, Flø og på øyer som Dimnøya og Hatløya. Dette er område som blei kartlagd også i 2008, men som er spesielt viktige for lokalt artsmangfald, så oppdatert kunnskap er ein fordel i arealforvaltninga. Både område med kulturmark, heilandskap og strandsona bør inkludrast. Her kan også leiting etter åkerrikse inkludrast.

Heilandskapet i dalane. I dalar som Indreflødalen, Roppedalen, Ringstaddalen, rundt Litlevatnet og øvst rundt Sauneselva er det truleg ein mosaikk av beitemark, kystlynghei og myrer. Dette kan vere område med fleire viktige naturtypar, og deler av disse områda blei også kartlagd i 2009. Ein bør også sjå etter hekkande fugl, til dømes storspove og songlerke.

Saunesmarka blir trekt fram av lokalkjente som eit område med store naturverdiar som ikkje er kartfesta. Dette er og eit område som er under press frå nedbygging, då det er regulert til næringsformål i kommuneplanen sin arealdel.

Djupemyrane blei kartlagd som «kystmyr» i 2008. For å avklare om disse myrområda er ein eller fleire av myrtypane på raudlista, hadde det vore høveleg med ny kartlegging av myra.

Rik edellauvskog i sør. Sør i kommunen blei det kartlagd fleire skogområde som «Rik edellauvskog» i 2008. For å avklare om disse skogområda er ein eller fleire av skogtypane på raudlista, hadde det vore høveleg med ny kartlegging av myra. Dette gjeld spesielt skogane som ligg utafor naturreservat, då disse er i større fare for å bli ubygde.

Kystfuruslogen på Eika kan innehalde raudlista naturtypar, både på grunn av alderen på skogen, og på berggrunnen i enkelte delområde. Derfor er også furuskogen på Eika ein kandidat til kartlegging, trass i at den blei kartlagd i 2008.

Tverrvadelva går gjennom ein sidedal til Ulsteindalen. Denne korte og smale dalen har bratte sider, som vekslar mellom å væra opne og vekse til med lauvskog. Bratte, smale dalar kan ofte innehalde fleire interessante naturtypar, og vere levestad for spesielle artar.

Sundgotvatnet er ein innsjø på Dimnøya, med våtmark som ligg omkring innsjøen. Våtmarka og innsjøen er truleg viktig for til dømes insekt- og fugleliv, og det kan vere fleire naturtypar som er knytt til dette området.

Fjellområda i Ulstein er relativt høge til å vere nære kysten, og det vêrharde klimaet kan føre til at dei har artar og naturtypar som høyrer til i fjellet. Mange naturtypar i fjellet har kome på raudlista for naturtypar fordi dei er trua av klimaendringar. Ei kartlegging kan bidra til å auke kunnskap en om trua naturtypar og artar i kommunen. Ei slik kartlegginga kunne også ha fanga opp mosefloraen i Ulstein, som er svært dårleg kartlagt.

Nordvendte berg og steinblokker er nokre stader viktige substrat for oseaniske lav. Det er fleire artar oseaniske lav som er sjeldne og trua, og i Ulstein kommune er det fleire aktuelle område der ein kan finne passende substrat.

Marine område. Ulstein kommune har store havområde. Deler av desse er grunne, og truleg svært produktive. Det er til dømes korallrev, ålegrasenger og gyteområde i kommunen. Trass i at ein veit at det truleg er verdifulle marine område i kommunen, er det lite faktisk kunnskap om dette. Derfor hadde det vore høveleg med kartlegging av marine naturtypar. Ein kan også få betre oversikt over framande marine artar gjennom slike kartleggingar.

Ål er ein kritisk trua art, men finnes truleg i fleire vassdrag i Ulstein. Ei kartlegging av ålebestanden i kommunen kan gi ny kunnskap med tanke på kva for vassdrag som er viktige for arten. Vidare vil ei kartlegging kunne vise om det finst hindringar for ålen i nokre vassdrag, som kunne ha blitt fjerna.

Nordflaggermus er ein truga art, og for å sikre ein god forvaltning av arten hadde det vore fordelaktig å kartlegge viktige ynglekoloniar og dagkvileplassar.

Solblom og Bjønnrot er to artar som er registrert i kommunen i Artskart, men som det av ulike årsaker er usikkert om finst i kommune. Desse artane bør derfor søkast etter på lokalitetane som ligg i Artskart.